

Kommunestyret gir på vegne av Øygarden kommune følgande høyringsuttale til Olje- og energidepartementet:

1. Øygarden kommune støttar Energikommisjonen sitt syn på at det er behov for auka energieffektivisering og energiproduksjon for å sikra framleis kraftoverskot i Noreg.
2. Øygarden kommune er positiv til at Energikommisjonen har sett klima- og energipolitikken i ein samanheng. Det er naudsynt med auka kraftproduksjon dersom vi skal lukkast i å klimamåla Noreg har sett seg.
3. Øygarden kommune støttar Energikommisjonen sitt fokus på energieffektivisering, og er positiv til ein nasjonal handlingsplan for energieffektivisering. Det er viktig at denne gjeld for alle sektorar, og inneheld tydelege mål og verkemidlar.
4. Øygarden kommune støttar forslaget om eit nasjonalt løft for energieffektivisering i bygg, og at det offentlege skal gå føre som eit godt eksempel i dette arbeidet. Det er viktig at staten legg til rette med gode økonomiske støtteordningar som insentiv for energieffektivisering, i tillegg til god rettleiing og kompetanseoverføring til kommunar.
5. Øygarden kommune støttar også forslag om å oppretta nasjonalt kompetansesenter for kommunar som kan yta støtte i energisaker. Det er vesentleg at eit nasjonalt kompetansesenter vert finansiert frå staten, og har tilstrekkeleg tverrfagleg kompetanse.
6. Øygarden kommune er positiv til at kommunen får ei styrka rolle i å nytta overskotsvarme frå industrien, men meiner at dette vil krevja god rettleiing frå både fylkeskommune og stat ettersom kommunane kan mangla både nødvendig kompetanse og kapasitet.
7. Øygarden kommune meiner at det er ein svakheit at NOU 2023: 3 ikkje omtalar rolla til fylkeskommunen. Fylkeskommunen kan spela ei sentral rolle som regional næringsaktør og kan bistå kommunane med både tilrettelegging og koordinering i planarbeid. NOU 2023: 3 bør innehalda tydeleg krav og forventingar til det regionale arbeidet.
8. Øygarden kommune er positive til forslag retta mot auka kraftproduksjon innafor oppgradering av eksisterande vasskraft og utbygging av solenergi, men meiner satsing på vindkraft kan ha for store negative konsekvensar for natur og klima. Det er nødvendig å sjå areal- og energipolitikken i en samanheng, og behov for gode rammeverk som sikrar kunnskap og kartlegging rundt påverknad på natur og klima.
9. Øygarden kommune vil understreka behovet for gode og føreseielege rammevilkår for næringslivet for å løysa ut potensiale for ny utbygging. Langdryge prosessar og uklare signal frå staten kan skapa usikkerheit i næringa, og kan påverka vilje og evne til å investera i ny grøn næring.
10. Øygarden kommunen er positiv til at vertskommunar får ein større del av verdiskapinga ved etablering av ny kraft, og meiner at dette er nødvendig for å sikra samfunnsaksept for kraftutbygging i eigen kommu